

VERDSARV I NORREG

Vestnorsk fjordlandskap



Unesco er FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon (United Nation's Educational, Scientific and Cultural Organization). Unesco sitt mål er å bidra til fred og tryggleik ved internasjonalt samarbeid på desse områda. Organisasjonen vart oppretta i 1945, og Noreg vart medlem i 1946.

UNESCO sin konvensjon for vern av verdas kultur- og naturarv

Konvensjonen for vern av verda sin kultur- og naturarv vart vedteken i 1972, etter at kulturminne og naturområde i aukande grad hadde blitt utsett for press ved krig, naturkatastrofar, forureining, turisme, eller ganske enkelt forfall. 194 land har ratifisert verdsarvkonvensjonen, noko som gjer han til den mest utbreidde miljøkonvensjonen i verda. Konvensjonen oppfordrar alle land til å fremje vern av all kultur- og naturarv.

Konvensjonen sitt fremste mål er å identifisere kultur- og naturarv som har framståande universell verdi. Behovet for eit felles løft, både menneskeleg og økonomisk, vart synleg ved den internasjonale redningsaksjonen av kulturminne i Egypt og Nubia, då Aswan-dammen skulle byggast tidleg på 1960-talet. Seksti land tok del, Noreg var mellom dei.

Kultur- og naturarven kan omfatte monument, bygningar – enkeltvis eller i grupper, kulturlandskap, eller naturområder. Han kan vere naturskapt, eller skapt av menneske og natur saman. Han kan vere eit byggverk som representerer ei viktig historisk hending, eller eit naturfenomen av eksepsjonell eller vitskapelig relevans.

Noreg ratifiserte konvensjonen 12. mai 1977, og har åtte stader på verdsarvlista. Status som verdsarv gir inga form for nytt vern, men er det høgaste internasjonale kvalitettsstemelet eit område kan få. Dette inneber eit ansvar for å sikre verdsarvstadene for ettertida.

Noreg i Verdsarvkomiteen

I Verdsarvskomiteen er til ei kvar tid 21 nasjonar representerte. Hovedmandatet til komiteen er å implementere Verdsarvkonvensjonen. Komiteen vedtek kva stader som skal stå på verdsarvlista, men viktigast er det at han evaluerer tilstanden og forvaltninga av stadene som står på lista, og set i verk ulike tiltak for å sikre verdsarven.

Noreg har vore medlem av verdsarvskomiteen ved tre høve, i 1983-1989, 2003-2007 og 2017-2021.

Som statspart til verdsarvkonvensjonen, og som medlem i komiteen har Noreg prioritert å styrke vernet av dei verdsarvområda om allereie finst, og samstundes bidra til ei meir representativ verdsarvliste. Etter meir enn 40 år er utviklingslanda framleis underrepresenterte på lista.

Det er viktig å styrke kunnskap ved involvering av lokalsamfunn, og å fremje gode eksempel på forvaltning av stadene på lista ved hjelp av programmet World Heritage Leadership. Noreg legg vekt på at utvalet på lista er basert på faglege vurderingar framfor politiske interesser.

Noreg arbeider også for å styrke truverda til verdsarvkonvensjonen ved å bidra til betre verktøy og retningslinjer for nominering, vern og forvalting, overvakning og evaluering av verdsarven. Ei meir heilskapleg tilnærming og forvalting av den globale natur- og kulturarven er også eit viktig mål for Noreg.

Verdsarvstader i Noreg



5. Vegaøyan (2004)

Røros bergstad (1980) og Circumferensen (2010)

2. Urnes stavkyrje (1979)

1. Bryggen i Bergen (1979)

7. Struves meridianboge (2005)

4. Bergkunsten i Alta (1985)

6. Vestnorsk fjordlandskap (2005)

8. Rjukan-Notodden industriarv (2015)



Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap femnar delar av dei lengste, djupaste, smalaste og vakraste fjordane i verda.



Geiranger sentrum ligg i dalbotnen inst i fjorden. Til høgre den bratte Ørnevegen med sine brå svingar som kryp oppetter dalsida.
Foto: Fredrik Eriksen, Riksantikvaren

Fjordar er mellom dei mest dramatiske og spektakulære landskapa på kloden. Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap femnar delar av dei lengste, djupaste, smalaste og vakraste fjordane i verda. Dette er område med eit natur og kulturinhald som har trollbunde besøkande til alle tider. Av mange er desse fjordane rekna som sjølve symbolet på Noreg, det fremste fjordlandet i verda. Så er også det norske ordet «fjord» del av det internasjonale språket.


Verdsarvområdet består av to delområde; Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet. Til saman med omgjevnader utgjer områda 1227 km², der 107 km² er sjøareal. Innafor naturvitenskapen vert dei to fjordområda rekna som klassiske døme på slike landskap. Med store skilnader i høgde og kort veg mellom sjø og høgfjell er naturmangfaldet stort. Begge delområda er utan større tekniske inngrep. Dei naturlege geologiske prosessane knytt til danning og utvikling av fjordar er ikkje påverka av menneskeverk. Samla har områda kvalitetar som gjer at dei er ført opp på UNESCO-lista over verdas kulturog naturarv etter å ha oppfylt to av dei naturfaglege kriteria i konvensjonen.

I grunngjevinga for innskrivinga uttalte komiteen:

Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve.

Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utsal fossar kastar seg utfor dei stup-bratte fjellveggane, medan talrike frie elver renn frå takkete fjell, brear og bresjørar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfold av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.




↑ Nærøyfjordområdet
↗ Geirangerfjordområdet

0 km 5 10 km

Teiknforklaring

- Verdensarvområde
- Naturvernombanen
- Turistinformasjon



Geologi og landform

Områda ligg i dei inste delane av to fjordsystem som strekkjer seg heilt inn i dei sentrale fjellmassiva som skil Aust- og Vest-Noreg. I tertiærtida, for 2,5–55 millionar år sidan, lyfte landet seg og danna eit høgt fjellmassiv parallelt med kysten slik den er i dag. I tida fram til iskappa la seg over landet, for 2,5 millionar år sidan, gravde elver ut djupe v-dalar langs svake sonar i berggrunnen. Under dei mange istidene som fulgte i kvar-tertiida forma ismassane på veg mot havet v-dalane til store u-forma dalar med særhøge og bratte fjellsider. Områda er unge og aktive landskap der naturkreftene framleis arbeider med å forme terrenget.

Skredbanar i dalsidene og store rasmassar på fjordbotnen vitnar om dette. Områda vert sett på som særsviktige «naturhistoriske laboratorium» fordi dei kan gje meir kunnskap om danning av landskap og om effektar av klimaendringar.



Planter og dyr

Dei korte avstandane mellom fjord og høgfjell, i tillegg til stadvis særstegnande lokalklimatiske tilhøve gjer at fjellblomar kan vekse side om side med artar ein forbinder med sørlegare breiddegradar. Mangfaldet av planteartar er stort og variert i det brattlendte fjordlandskapet.

På gammal kulturmark er det over tid utvikla sjeldne artar som krev beite og slått for å leve.

Verdsarvområdet har eit variert dyreliv både av pattedyr, fugl, fisk og insekt. Fleire står på «raudlista», medan andre er artar som Noreg har eit spesielt ansvar for. Villrein, fjellrev, gaupe, eter, lemen, kvitryggspett og nise er døme på slike artar. Fuglelivet femnar alt frå sjø- og vadefugl kring fjordane til skogsugl i dalsidene og til sist artar som er typiske for norske høgfjellsområde. I alt hekkar eit hundretal artar innafor verdsarvområdet.



Herdalssætra. Foto:
Merete Løvoll Rønneberg



Foto: Ragnhild Hoel,
Riksantikvaren



Mnemosynesommarfugl.
Foto: Dag Holtan



Urvalmuen. Foto:
Johannes Anonby



Kulturhistorie

Spor i landskapet syner at fjordområda har vore nytta av menneske heilt sidan isen trekte seg attende for 10.000 år sidan. Fangstgraver og bogesteller i høgfjellet syner at villreinen har vore viktig for fjordfolket alt frå steinalderen.

Langs fjordane og oppå berghyllene ligg eit titals små fjordgardar, dei fleste fråflytta. Gardane ligg på stader der snø- og steinras ikkje kjem til. Busetjinga syner eit nøyamt jordbruk tilpassa ein farefull, men samstundes rik natur. I fleire av fjelldalane finn ein stølar. Nokre av fjord gardane og stølane er restaurerte og kan besøkast.

Vakkert landskap

Dei to fjordområda har ry for å vere av dei vakraste og mest inntrykkssterke naturområda i Europa. Dei siste 150 åra har forskrarar, kunstnarar og turistar vitja fjordane for å oppleve eit eineståande dramatisk og kontrastrikt landskap. Trass store besøkstal har områda halde kvalitetane til inspirasjon og gagn for alle som bur i eller besøker desse områda.



↑↑ Utsyn innover Tafjorden.
Foto: Vegard Lødøen, Stiftinga
Geirangerfjorden verdsarv

↑ Storvasshornet og Skorene.
Foto: Finn Loftesnes, Stiftinga
Geirangerfjorden verdsarv

→ Hyllegarden Skageflå har fritt
utsyn til fossen Dei sju søstre på
andre sida av fjorden.
Foto: Per Eide



Geirangerfjordområdet

Inn mot vasskiljet deler Storfjorden seg i tre storfelte fjordarmar. Tafjorden, Sunnylvsfjorden og den slyngande Geirangerfjorden utgjer tyngdepunktet i det nordlege delområdet. Her har samspelet mellom is, berggrunn og fossande vatn forma eit fjordlandskap med unike kvalitetar. I dei alpine fjellområda som skil fjordane ligg frodige seterdalar, og på rassikre berghyller i dei bratte fjellsidene ligg ei rad gamle gardar med stor kulturhistorisk verdi. I området er artsrike rasmarker og varmekjær lauvskog døme på særprega og sjeldsynte naturtypar med interessant planteliv. Mellom ei rekke insekt er mnemosynesommarfuglen den mest kjende. I området finn ein alle dei fire hjortedyrtartane i Noreg, elg, hjort, villrein og rådyr.

Nærøyfjordområdet

Nærøyfjordområdet har stor variasjon i landskapstypar frå nakent høgfjell kring Fresvikbreen til lune viker med varmekjær lauvskog nede ved fjorden. Den 17 km lange Nærøyfjorden er berre 250 m brei på det smalaste og omkransa av fjell som når opp i 1760 moh. Hengande dalar, fossefall, skarpe gjel og store rasfelt er dramatiske innslag i dei stupbratte fjellsidene. Høgfjellsområda har rolege former og er restar etter det gamle slettelandet slik det låg før isen tok til å grave ut dei mektige dalgangane. Den storfelte rasskråninga som strekkjer seg frå fjellet Bleia og ned til botnen av Sognefjorden syner at fjordlandskapet framleis er i utvikling. I dette dramatiske landskapet veks den sjeldne urvalmua. På rassikre stader kring fjordane ligg fleire mindre grender der jordbruket er viktigaste næringsveg.



↑ Nærøyfjorden. Foto: Frithjof Fure, Fjord Norway

Kort om Vestnorsk fjordlandskap


Areal: Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap omfattar totalt 1277 km² inkl. 107 km² sjøareal. (Geirangerfjordområdet 518 km², og Nærøyfjordområdet 709 km²).

Geirangerfjordområdet omfattar kommunane Fjord og Stranda i Møre og Romsdal fylke.
Besøkssenter verdsarv / Norsk Fjordsenter:
www.fjordsenter.com
Besøksadresse: Norsk Fjordsenter,
Gjørvahaugane 35, 6216 Geiranger
Tlf. + (47) 70 26 38 10

Nærøyfjordområdet omfattar kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss i Vestland fylke.
Nærøyfjordområdet:
www.vestnorskfjordlandskap.com
epost: post@naroyfjorden.no
Besøksadresse: Nærøyfjorden verdsarvpark,
Helabroet 2A, 5745 Aurland
Tlf. +(47) 57 63 29 09

Vestnorsk fjordlandskap:
www.vestnorskfjordlandskap.no

Foto cover: Teke frå Breiskrednosi med utsikt mot bygda Bakka og Bakkasundet.
Foto: Gunnar Bergo, Voss.



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgjevar for Klima- og miljø-departementet i utviklinga av den statlege kulturmiljøpolitikken.



Dei sameinte nasjonane sin organisasjon for utdanning, vitskap og kultur



Verdsarv
i Noreg

Verdsarvlista vart etablert i 1972 av UNESCO. Lista har som mål å verne om verda sin uerstattelege kultur- og naturarv. Status som verdsarv er det høgaste internasjonale kvalitets-stempelet eit område kan få.



Miljø-
direktoratet



Vestnorsk
fjordlandskap

